

Oppsummering av kaffimøtet 23.11.21

Ordføreren orienterte om følgende;

1. Kommuneplanens arealdel; kommuneplanutvalet skal ha ekstramøte 9. desember. Her vil adm. skissere forslag til svar på motsegn frå Statsforvaltaren. Kommuneplanutvalet sitt vedtak vil gje adm. føringar for drøftingane med Statsforvaltaren. Motsegna frå fylkeskommunen har ein del felles med Statsforvaltaren si, og blir svart ut i ettertid.
2. Kommunedelplan for Gol Tettstad; Fortsatt ikkje løyst motsegn frå STV. Dei krev ytterligere trafikkberäkningar/trafikkanalyse og vurdering av tekniske løysingar kring adkomst frå Rv52 til Gol gamle skule og Glitrehaug. Adm. har bedt Sweco greie ut desse forholda slik at vi kan drøfte dei med STV over nyttår. Parallelt med kommunedelplan er det fremja reguleringsplan for vestre del av Storøyne med relativt store formålsendingar, frå kultur/fritidspark til plasskrevende/volumhandel. Planforslaget ikkje er i tråd med overordna plan, dvs. kommunedelplan, og det er varsla mogleg motsegn også her. Det blir difor vurdert å endre formålet også i kommunedelplanen og sende den ut på ny høyring når vi også har skissa for løysing med STV klar. Det er aldri enkelt å få gjennom reguleringsplanar som ikkje er i tråd med overordna plan.
3. Smedvegen: Det er inngått kontrakt med firma Stener Sørensen AS frå Drammen på utarbeiding av forprosjekt og detaljprosjektering. Grunnerverv pågår.
4. Største kommune dvs mest folkerike kommune med 4659 innbyggjarar – 21 foran neste. Hallingdal går totalt sett fram med 100.
5. Mekling tomt ved RV7 med Statens Vegvesen
6. Spørjeundersøking og møteverksemd rundt vidareutdanningar i Hallingdal, herunder særskilt innan bransja bygg og anlegg. Det er gjennomført eit møte med fylkesråd for utdanning i Viken og det kan liggje spennande moglegheiter framover.
7. Budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 er lagt ut på høring. Det er lagt inn blant anna 150 000,- auka driftstilskot til Visit Gol og det er gjort ei prioritering i Samferdselsløftet der Søre Øygardsveg skal prioriterast fyrst. Protokollen og budsjett ligg ute på kommunens heimeside.
8. Bulyst-prosjektet i Gol: det er tilsett prosjektleiar – Marit Ulseth med relevante erfaringar i å væra innflyttar og arbeidsøklar i Gol og Hallingdal samtidig som ho har med seg arbeidserfaring og utdanning innan marknadsføring. Styringsgruppa ynskjer at ho startar så fort som mogleg.
9. Hallingdal Fotballklubb ynskjer å bygge innandørs fotballhall på «gamle grus». I praksis vil dei reise ein plastikkhall og setja til eit modulbygg med aktiviteter og rom som skal gje dei driftsinntekter for å dekke driftskostnadene. Dei er avhengig av å få næringslivet på lag slik at de ikkje berre kan sponse ift investeringa, men leige hallen og dets aktiviteter for å dekke driftskostnadene på sikt.

Visit Gol orienterte om følgende:

- Jul i Gol, julegrantenning og julemarked
- Sykkelplanar på Golsfjellet
- Gol by Ski – felles skikort for alpinanlegga Skagahøgdi, Bualie og Storefjell
- Ny park i Gol sentrum
- Arbeidet med berekraftig reisemål

